



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Nord-Fron

KYRKJEBLAD

for

NORD-FRON

Nr. 3 • SEPTEMBER 2026 • Årgang 71

«Jeg tror den viktigste livsoppgaven vi alle har fått, er å bli det beste av oss selv – uansett hvor vanskelig livet kan være.»

Kong Harald V

Nyttårstale 2012




Foto: Jostein Lunde

www.nord-fron.kirken.no

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor

Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege felles-
råd. Nedregata 50, 2640 Nord-Fron

Kontortider:

Kl.: 09.00 - 13.00
Tlf.: 612 16 290

Sekretær:

Venke Helen Sletten. Tlf.: 612 16 290

Kyrkjevevjerje:

Morten Hagen. Tlf.: 612 16 292
Mob.: 975 36 584

Sokneprest i Sødorp og Kvikne

Caroline Serck-Hanssen
Tlf.: 612 16 293. Mob.: 918 44 838

Sokneprest i Kvam og Skåbu

Benjamin Fjellheim Olsen
Tlf.: 612 16 294. Mob.: 403 12 795

Kyrkjemusikar:

Iren Falkenhaus. Mob.: 967 39 550

SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:

Liv Randi Sundhagen. Mob.: 481 24 885

Kyrkjetenar/graver:

Frank Varpestuen. Mob.: 456 06 026
Atle Kolloen. Mob.: 906 90 334

KVAM SOKN

Soknerådsleiar:

Torolf Hagen. Mob.: 976 85 912

Kyrkjetenar:

Svein Fredrik Kjæstad. Mob.: 908 45 584

KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:

Kristian Ekre. Mob.: 911 31 563

Kyrkjetenar:

Ben Hartjes. Mob.: 452 36 474

SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:

Bente Varpestuen. Mob.: 906 27 850

Kyrkjetenar:

Ben Hartjes. Mob.: 452 36 474

FAMILIERÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta
Storgt. 21, 2670 Otta
Tlf. 612 30 536

Redaktør, Kyrkjebladet

Kristin Hareide Vesteraas
E-post: kristin.v@hotmail.com
Mobil: 991 53 857

Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,
www.dg-trykk.no



www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døypete

SKÅBU:

Walter Besseling (Døypet i Sør-Fron kyrkje)

SØDORP:

Emil Stavheim Slåen (Døypet i Lesja kyrkje)
Nora Aarseth Szakallos (Døypet i Blomvåg
kyrkje)
Else Mari Tarud
Sigmund Hernæs Ringstad

KVIKNE:

Anna Edna
Tomas Edna
Teodor Ekre Køhl



Døde

KVAM:

Knut Granli
Ivar Holten
Steinar Berge

SØDORP:

Helge Kåre Brandvold
Eli Rigmor Ottesen
Unni Håve Nygaard
Oddgeir Bratlien
Espen Sætha
Marit Solli
Borghild Tora Myrhaugen

KVIKNE:

Aase Aanstad

SKÅBU:

Kjellaug Marie Kappelslåen



Vigde

SØDORP:

Kristin Elisabeth Hage og Rune Racer-Farth
Frida Dyling Nordfjæren og Ovidijus Raziunas
Siril Bø Bratlien og Olav Amundsen

KVAM:

Rebecca Elisabeth Fritzen Chalmers
og Emil Filipe Lillebo

Dette kyrkjebladet inneheld informasjon, refleksjonar og innhald som er meint å vere til inspirasjon og opplysning for lesarane. Artiklar, medvit og meiningar som kjem fram, står for forfattarane sine eigne syn og treng ikkje nødvendigvis å representere den offisielle haldninga til soknet eller Den norske kyrkja. Vi strevar etter at all informasjon skal vere korrekt på utgjevningsstidspunktet, men tek atterhald om feil, endringar i program og uventa justeringar. Kyrkjebladet er ikkje ansvarleg for eventuelle misforståingar eller følgjer av bruk av informasjonen.

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør: Kristin Hareide Vesteraas
Redaksjonskomite: Per Øyvind Fredin,
Björg Marit Hoel (Skåbu),
Reidunn Hareide (Kvikne),
Tone Berit Øyen (Kvam) og
Berit Elisabeth Tangvik (Sødorp)

NESTE NUMMER

kommer i desember, frist for stoff er
15. november.



STØTT KYRKJEBLADET!
VIPPS TIL 598171

Kyrkjekontorets e-post-adresse: venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

Kontonummer: 2095.49.59768

Preses Olav Fykse Tveits minneord om kong Harald V

Hans Majestet, Kong Harald den femte er død.

I dag er vi fylte av vemod og sorg. Det er ei sorg vi alle deler som nasjon. Sorga er fylt med ein djup og inderleg takk for alt vår kong Harald har vore for oss alle, i heile sitt liv og virke.

Kong Harald vart saman med dronning Sonja signa til si gjerning i Nidarosdomen ein sommardag i 1991. Han gav uttrykk for at det gav han ei sterk forankring til si kongegjerning. Det var ein dag då dei vart omfamna av nasjonen, og støtta gjennom kyrkjas bøn for dei. Slik har det vore sidan.

Dette kallet til å vere vår konge har han følgd med truskap, til stor velsigning for vårt land.

Gjennom sine mange besøk saman med dronning Sonja i bygder og byer, har han kome nær, med humor og alvor, og vist at samfunn må byggjast i gjensidig respekt og tillit.

Orda hans har bunde oss saman når det har røynt på. Han har tatt tak i det som har vore krevjande for oss, og i rett tid sagt det som kunne hjelpe oss å kome gjennom store kriser.

Kong Harald har bidrege til å løfte fram våre felles kristne og humanistiske verdiar som kjærleik, demokrati, rettsstat og nasjonalt fellesskap. Han har med sine møter og sine ord vist kva dei kan bety i praksis.

Han understreka verdien av mangfaldet som ein

ressurs for nasjonen, og etterlevde det i praksis. Slik synta han kva forsoning kan vere.

Han gav både i ord og handling uttrykk for at han var trygg på kvar han sto, og at han difor også kunne vere raus og inkluderande overfor menneske av ei anna tru og med andre tradisjonar. Hans ord om at vi høyrer saman, har gjort si gjerning. Dei har famna alle som bur her. Uansett kva vi trur på, kvar vi er ifrå, kva vi meiner, eller kven vi er glad i.

Vi har vore stolte av vår konge, og han har gjort oss stolte av å vere norske. Han har vore ein høgt respektert leiar i verda. Mange har sett korleis han har vore ein inkluderande og samlande konge.


Kong Harald var oppteken av framtida, og delte uroa til unge, særleg det som trugar berekrafta til vårt felles livsmiljø og natur. Han har hatt tru på at vi kan få til endringar, dersom vi vil gjere det saman.

No går våre tankar spesielt til hans næraste familie. Vi sender våre kondolansar til Hennar Majestet Dronning Sonja, til Hans Majestet Kong Håkon den åttande, og til heile den kongelege familie. Vi ber om Guds omsorg og trøyst i den store sorga som dei no ber på.

Vi ønskjer kong Haakon alt godt som Noregs konge og Mette-Marit som Noregs dronning. Må Gud velsigne vårt nye kongepar, så deira gjerning kan bli til glede og gagn for land og folk.



Sødorp. Foto Caroline Serck-Hanssen



Skåbu. Foto Per Øyvind Fredin



Kvikne. Foto Caroline Serck-Hanssen



Oppmøtte signerte kondolanseprotokollen i Sødorp kyrkje. Foto: Caroline Serck-Hanssen



Kvam kyrkje. Foto Venke Sletten

Kyrkja i Nord-Fron – open for tru, open for alle

Tekst og foto: Venke Helen Sletten

Det var overskrifta for visitasen her i Nord-Fron som gjekk av stabelen frå den 26.- 28. mai med visitasgudsteneste i Sødorp kyrkje 7. juni.

I forkant av eit slik besøk ligg det mykje planlegging og mykje arbeid. Sokneråd, fellesråd, prost og stab dreg lasset saman for å kunne vise fram kyrkjene, det arbeidet vi gjer og plassane vi bur på, på ein god og representativ måte.

Ein visitas er ikkje noko daglegdags. Sist besøk var i 2013 og då var det biskop Solveig Fiske som vitja oss. Denne gongen var det biskop Ole Kristian Bonden og Kenneth Hansen, kyrkjefagsjef i Hamar bispedømme, som kom på besøk.

Skåbu viste seg frå si beste side på visitasen sin fyste dag. Her starta dagen med morgonbøn i Skåbu kyrkje der barnehagen og skulen deltok. Vidare vart det besøk på Bakkestugu med god guiding av soknerådsleiar, Bente Varpestuen. På oppvekstsenteret fekk biskopen møte tilsette og elever. Eit møte med alle dei tilsette i kyrkja vart det og, før biskopen reiste vidare til Kvikne kyrkje.

Her vart det foredrag om Olav Aasmundstad, godt formidla av Ola Masseng Sylte, gardsbesøk hjå leiar i fellesrådet, Jon Helge Silli, og god informasjon om bygd og kyrkje av soknerådsleiar, Kristian Ekre. Kvikne sanitetslag stilte opp ein bygdekafé med servering til alle. Slik var det biskopen fekk oppleve Kvikne.

Ein lang innhaldsrik dag vart avslutta på vakre Slangen seter, hjå vert Anita Stebergløkken. Her fekk alle sokneråda eit møte med biskopen før servering av nydeleg stuttrest mat, som sik frå Espedalen og elg frå Skåbu.

Besøk i Kvam sto på programmet neste dag. Eit tett-pakka program der det vart bedriftsbesøk på Smith byggesystemer, besøk på Kvam skule, Kvamstunet, Kvam barnehage, Gammlebua kafé og Gudbrandsdal krigsminnesamling.

Til og med bunnlastsperra, som skal trygge kvamværene for flom, fekk vi inn i programmet og syna fram.

På ettermiddagen var det møte med kyrkja sitt fellesråd på Kirketeigen. Program i Kvam kyrkje på kvelden avslutta dagen i Kvam. *Livet og døden i og rundt Kvam kyrkje*, eit levande og humoristisk foredrag av Arild Teigen, gudsteneste og musikk ved Kvam musikkforening var det dei frammøtte fekk oppleve.

Siste visitasdag starta i Sødorp kapell. Her vart det morgonmesse der Toksebakken barnehage bidrog med fin song. Vidare var det lagt opp til møte med den politisk leinga i kommunen, møte med administrasjonen i Peer Gynt og andakt og møte med dei eldre på Sundheim.

Om dagen då var slutt? Nei da! Biskopen fekk besøke kulturskolen, og informasjon om diakoniplanen vår og om matutdeling. Eit spontant besøk i Vinstra park vart det og.

Gudsteneste i Sødorp kyrkje, der *Norsk Et Lite Kor* deltok med nydeleg song, avslutta dagen på Vinstra.

Etter tre heile og innhaldsrike - opp til 12 timar lange - fine dagar til ende, kunne biskopen no reise heim, med det vi håpa hadde gjeve mange fine opplevingar. Men etter tre dagar med visitas kom biskopen att for å halde visitasgudsteneste. Den var i Sødorp kyrkje 7. juni med påfølgjande kyrjekaffi for alle i kyrkjestugu, der han avslutta med å halde eit visitasjonsfordrag.



Her er noko av det biskopen sa etter opplevingane her hjå oss:


«Kyrkja i Nord-Fron – open for tru, open for alle». Det handlar om å «ikkje vere seg sjølv nok», men å vere ei kyrkje som strekkjer seg ut med hjartet, rom og handling til heile befolkninga. Ei folkekyrkje som møter menneske i alle livssituasjonar. Med rom for deg og meg. Rom for alle. Ja, ei kyrkje som er med på å bidra til å skape «meir himmel på jorda»

Visitasen har synleggjort dette gjennom eit godt planlagt program. Vi har vore innom kyrkja sitt arbeid med gudstenester, kyrkjelege handlingar, diakoni, barn og unge, frivillighet, samarbeid og kyrkja si organisering. Føremålet

med visitasen er å støtte og inspirere. Og vi har fått mange gode samtaler om viktige spørsmål.

I neste nummer av Kyrkjebladet kan du lesa litt om kva for betraktningar og utfordringar biskopen har gjort seg om kyrkja her i Nord-Fron.

Visitasprotokollen finnast på *Nord-Fron kyrkjelege fellesråd sin nettside*.





Barnas

Finn 5 feil

Desse to bilde er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?



Teikning: Monica Bauleo



Kryssord

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet. Gå inn på bibel.no om du ikkje har boka.

Blir gitt vekk i Matteus 6,3 1.

By i Apostelgjerningane 18,1 2.

Fugl i Matteus 3,16 3.

4. By i Lukas 2,15

Høgtid i Johannes 13,1 5.

6. Bygning i Lukas 2,46

Fargelegg

Jesus snakka til mange forskjellige folk. Han likte spesielt godt at barna kom til han.



Teikning: Monica Bauleo

Vits:

- Kvifor har du døra open når du sit på do?
- Eg vil ikkje at nokon skal kikke gjennom nøkkelholet.



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Søndagsskolen – mer enn du tror

POPULÆRE SETERMESSER I NORD-FRON

Tekst og foto: Bjørg Hoel, Kristian Ekre og Caroline Serck-Hanssen

I løpet av juli og august har kvart sokn i kommunen halde sine årvisse setermesser. Desse friluftsgudstenestene er populære og godt besøkte.

Først ute var Skåbu sokn med messa på husmannsplassen Bakkestugu søndag 5. juli (aposteldagen). Sokneprest Caroline Serck-Hanssen leia gudstenesta, medan Per Øyvind Fredin på piano og Merethe Camilla By på fele framførte vakker irsk-inspirert og norsk folkemusikk. Dei 25 frammøtte kosa seg i finvêret. Etter gudstenesta vart det kaffi og kaker og ein god prat.

I Sødorp sokn vekslar setermessa annakvart år mellom Fagerli og Lomsetra. 12. juli vart messa halde hos Hilde og Odd Skogen på Øverlisæter. Gjesteboka syna at tradisjonen med gudsteneste her går attende til 1996, så i år var det trettiårsjubileum. Over 30 deltakarar satt i ring på setervollen og fekk med seg både gudsord, salmar og nydeleg heimbakst i sola.

Den tredje søndagen i juli sto setermessa til Kvam sokn for tur. Den fann stad på Klevstadsetra på Hovde, Kvamsfjellet. 35 menneske, to hundar og fleire sauer følgde med på det som gjekk føre seg.

Tradisjon tru var det setermesse på Ekresetra på Breistulen siste helga før skulestart. Det var godt frammøte: 67 personar var til stades under gudstenesta 16. august. Sokneprest Benjamin Fjellheim Olsen leda messa, som vart halden i låven på grunn av usikkert vêr. Det særskilte med denne setermessa var at heile tre barn vart døypt. Eitt søskenpar, Tomas og Anna Edna, og Teodor Ekre Køhl, som er søskenbarnet til Tomas og Anna. Samtlege er barnebarn til Karin R. og Kristian Ekre. Det blei fint vêr den dagen, og det vart servert kyrkjeaffi etter messa, med mat frå huset.



Ordinasjon av Caroline Serck-Hanssen i Sødorp Kyrkje 23.august 2026

Tekst og foto: Reidunn Hareide

Etter nokre regnvêrsdagar kom vigslingssøndagen med skinande sol og varme. Mykje folk var samla i Sødorp kyrkje for å vere med på Caroline Serck-Hanssen sin vigsling til prest i Den norske kyrkja og sokneprest for Kvikne og Sødorp sokn.

Gudstenesta vart innleia av prost Birgitte Bentzrød før Caroline vart presentert for kyrkjelyden. Biskopen i Hamar, Ole Kristian Bonden, sto for sjølve vigslinga.

Biskop Ole Kristian Bonden heldt tale for Caroline og ho fekk handspålegging, vart velsigna og bedt for. Så fekk ho stolaen på seg, som er teiknet på presteneste.



Caroline er no prest i Den norske kyrkja, og ho tok over gudstenesta og heldt preike rundt teksta Matt. 25, 14-30, Likninga om talenta. Ho snakka om det å ta vare på dei talenta vi har fått, dei mange nådegåver, tenester og oppgåver vi er blitt gitt av Gud. Talenter, som er alle dei evna og gåvene vi har fått som vi skal forvalte etter beste evne.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi i kyrkjestugu. Mange var samla for å feire Caroline. Samlinga var leia av kyrkjevergen, Morten Hagen, som heldt orden på taler, helsingar og gåver (og at vi ikkje starta på kakene for tidleg! Smørbrøda måtte etast først).

Caroline fekk vigslingsbeviset sitt av Biskopen.



Intervju med den nye soknepresten

Per Øyvind Fredin

Vi møtte Caroline på kyrjekontoret til eit intervju to dagar før den høgtidlege vigslinga i Sødorp kyrkje: Du har vore fungerande sokneprest her i Nord-Fron sidan august 2025. Dine tenestestader er Kvikne og Sødorp. Du har hatt gravferder, gudstenester, andaktar på Sundheim, forvalta sakramenta dåp og nattverd, og hatt konfirmantundervisning.

Kva syns du om å være i prestenesta så langt?

– Det er eit særst meiningfylt og variert arbeid. Eg møter ulike menneske i forskjellige livsfasar. Derfor blir ingen arbeidsdag maken, sjølv om oppgåvene stort sett er dei same. Som temmeleg fersk prest lærer eg stadig mykje nytt.

Kan du fortelje litt om din bakgrunn? Kva har du gjort tidlegare?

– Eg er opphavelg frå Oslo, men har studert og arbeidd mange ulike stader i Noreg, og i London og Moskva. Eg er utdanna kunsthistorikar og har bakgrunn som museumsconservator. Eg budde seks år i Nord-Norge, der eg jobba på museum i Tromsø og Vardø. I Moskva jobba eg på den norske ambassaden med kultursamarbeid. Den gongen var relasjonen mellom Noreg og Russland heilt annleis enn i dag. Eg er òg forfattar, har skrivne mykje om kunst- og kulturhistorie og reist rundt i landet og halde foredrag.

Korleis vil du beskrive din tru?

– Eg er ikkje typen som er så van med å prata mykje om min personlege tru. For min eigen del veljar eg å tolke ordet «tru» i retning «tillit til Gud», slik Martin Luther gjorde. Eg vonar at Gud held meg oppe, også når det er krevjande å tru. Ein litt anna tyding av tru er å slutta seg til bestemte oppfatningar om Gud, slik dei kjem til uttrykk i Bibelen og gudstenesta. Eg er oppteken av den trua vi kristne har til felles i den verdsvide Kyrkja. Det som sameiner oss på tvers av ulike kristne trussamfunn. Den trua eg vedkjenner meg til, er den vi les i truvekjenninga under kvar gudsteneste. Eg kjenner meg nærast Gud i gudstenesta, når vi feirar nattverd saman, og når eg er ute og går i naturen. Skaparverket vitnar om Guds uendelege storleik og kjærleik.

Du jobbar med tru. Når vart du bevisst at trua di betydde noko meir?

– På eitt vis kan du si at vi prestar har trua som yrke. Men ingen andre enn Gud kan døma om trua til kvar einskild. Prestar er ikkje betre truande enn andre. Tru er ei gåve og ei gåte. Ho kjennast sterk somme tider, og andre tider svakare. Det er enklare å fortelje om når eg byrja å tenke på å bli prest. Eg var rundt ni år gamal. Eg var veldig fascinert av gudstenesta og kyrkjekunsten, og teikna og forma bilete av Jesus på krossen. Då eg var i trettiåra, blussa prestekallet opp at med ny styrke. Først hausten 2022 byrja eg på pretestudiet. Så det har vore ein lang veg.

Opp gjennom åra har prestar kome frå andre deler av landet for å utføre presteneste her i Nord-Fron. Du har tidlegare vore prestevikar både i Troms, Nordland, Kongsvinger og Oslo.

Er det nokon skilnad på å jobbe som prest i Gudbrandsdalen, samanlikna med desse stadane?

– Sjølvaste presteoppgåvene er dei same. Men folkelynet er ulikt på forskjellige plassar. Og naturen, omgjevnadene, sjølvst. Folk i Nord-Norge er generelt meir direkte og opne, dei er ikkje redde for å snakke rett frå levra. Men både der og her er folk «nedpå», jordnære og usnobbete. Eg er sjølv frå Oslo og merkar godt skilnaden. Det er meir «høge skuldrar» og stress i storbyen.

Du er sosial. Folk her i Nord-Fron har møtt deg på fritida. Kva likar du å gjera etter jobb og i helgane?

– Eg går mykje på tur heile året. Nå går det i stolpejakt. Eg er blitt heilt hekta. 46 stolpar i Nord-Fron på ein månad. Målet er å ta alle 77! Det er ein framifrå måte å bli betre kjend i kommunen på. Nyleg var eg på helgetur i Rondane. Det er fantastiske moglegheiter når ein bur i Vinstra. Eller er eg veldig glad i å syngje, og helst i kor. Håper det let seg sameine med jobben. Som prest får eg heldigvis brukt songstemma mykje.

Per Øyvind takkar av som kyrkjelydspedagog og diakon

Tekst: Venke Helen Sletten

Per Øyvin vart vigsla til diakon i Kvam kyrkje 22. januar 2023. Avskjedsgudstjeneste: Kvam kyrkje 13. september i år.

I slutten av september vil Per Øyvind Fredin ha sin siste arbeidsdag her i kyrkja i Nord-Fron. Vi har tatt ein prat om kva han skal til med no og korleis åra her i Nord-Fron har vore.

Du har no snart vore ein del av staben her i Nord-Fron i fem år. Korleis vil du beskrive desse åra?

– Eg kom hit i desember 2021. Den første perioden var prega av pandemien, og det var og ei tid der eg gjorde meg kjent. Eg hadde ikkje jobba i kyrkja før, så eg var veldig open for å lære. Mange oppgåver kunne fyllast. Og eg fekk mellom anna ansvar for å byggje opp og publisere innhald på kyrkja si nettside. Men som diakon er det særleg viktig å bli kjent med folk – og eg vart kjent med folk gjennom oppgåvene som trong å gjerast, kan ein seie. I tida her har eg blant anna deltatt på gudstjenester, arrangert og vore med på trusopplæringstiltak, konfirmantundervisning og konfirmantjubileum, hatt andakter og arrangert song- og musikksamlingar for menneske med særlege behov. Og ikkje minst har eg vore med på mange matutdelingar. Eg har og fått bruke mykje av den musikalske og tekniske kompetansen min. Eg har spelt piano ved gudstjenester og andakter, arbeidd med lyd, mikrofonar og teknisk tilrettelegging ved ulike arrangement. Det er kanskje ikkje alltid den mest synlege delen av arbeidet, men det er ganske viktig når ein ønskjer at både tale, song og musikk skal høyrast godt.

Eg er blitt fortalt at eg var litt usikker på om eg ville seie ja til stillinga. Sa at eg måtte tenkje meg om – og det tok visst ikkje meir enn 20 minutt før telefonen med svaret kom. Det vart ja! Det har eg aldri angra på.

Eg har vorte ein som folk kjem til når dei treng hjelp. Det kan vere alt frå dataproblem og tekniske utfordringar til praktiske spørsmål, eller rett og slett ein situasjon der folk treng å drøfte ulike spørsmål med nokon. Eg likar å finne løysingar, og synest det er fint å kunne vere til hjelp. Det er kanskje ei lita svakheit at eg ikkje alltid er så flink til å seie nei når folk spør om hjelp. Dermed blir det av og til litt ekstra å gjere! Det er jo viktig å kunne stille opp for kvarandre.



Merethe Camilla By og Per Øyvind Fredin

No er det diverre slik at du forlèt oss til fordel for ein jobb i Stavanger, kan vi spørja kvifor det vart slik?

– Det er kyrkjekontoret og staben som har vore basen min desse åra. Kollegafellesskapet har betydd mykje. Men eg tenker og på dykk som ikkje var kollegaer, men som og hadde stor betyding for kyrkja, og som framleis har stor betyding. Det som kjenneteikner kollegafellesskapet i Kyrkja i Nord-Fron kan seiast med eit ord: «Kaffi». Kaffien sørger for eit møtepunkt, men vi veit alle at det ikkje er kaffien eller teen det handlar om, men det er tida vi set av til kvarandre.

Når det no har dukka opp jobb, moglegheiter og utfordringar i Stavanger bispedøme, valde eg å takke ja til det. Vestlandet har også mykje å by på med tanke på vidareutdanning og kultur. Det oppstod litt søt musikk på det private plan, kan ein seie, og det har vorte ein del turar vestover dei siste åra. No i haust reiser eg for alvor vestover. Eg vil ta med minne, relasjonar og erfaring på vegen til Vestlandet. Kanskje vert det hytte i Skåbu etterkvart...

Her i Nord-Fron har du arbeidd både med trusopplæring og som diakon, korleis har den kombinasjonen vore?

– Kyrkjelydspedagog og diakon er to ulike område i kyrkjeleg planverk, men eg meiner dei flyt over i kvarandre. Ein kan ikkje drive undervisning utan å vise at ein bryr seg om barna. Det handlar om å sjå

og bekrefte. Diakonien handlar det nettopp om å vise at ein bryr seg om menneske. På diakoniutdanninga lærte eg kor viktig det er å lytte, vere undrande, følgje samtalen og stille spørsmål som gjer at ein forstår meir av kven ein møter. Samtalar landar ikkje alltid der ein tenkjer, og folk er ulike – det er ein del av det. Det viktigaste er å vere til stades og møte mennesket der dei er. Eg trur også at humør og latter har sin plass i kyrkja. Eit smittande humør og ein god latter kan vere med på å skape tryggleik og opne dører. Mange gode menneskemøte skjer nettopp i dei uformelle samtalan.

I formidling har eg også brukt mykje av bakgrunnen min frå musikk og song. Eg opplevde at songen «Kven har skapt alle blomane» var ein av dei måtane eg nådde best fram til dei yngre i kyrkjelyden.

Matutdelinga var nok vore det største prosjektet i den diakonale innsatsen her i Nord-Fron. Eg er svært takksam til alle dykk som har støtta dette arbeidet.

Du har både ein master i musikkvitenskap og ein master i diakoni, enda så har du nok ein gong satt deg på skulebenken for å studere til prest. Kva er drivkrafta for dette?

– Hausten 2025 starta eg på presteutdanning fordi eg ønskjer å utvikle meg vidare og kunne ta eit større ansvar i kyrkja. Eg ønskjer å ta med meg breidda i kompetansen min inn i prestenesta.

Du byter ut eit stabilt Innlandsklima med eit meir maritimt, mildt og fuktig Rogalandsklima, ein stor overgang berre det. Tenkjer du det er andre store forskjellar, bortsett frå klima og det å bu i by?

– I Stavanger ventar det også ein ny kvardag på det personlege planet, noko eg ser fram til. Og eg har blant anna fått meg ny jobb. Eg skal jobbe med administrasjon i eit fellesråd i Rogaland - Hjelmeland i Ryfylket. Med erfaring frå kyrkja i Nord-Fron, vil eg våge å seie at eg stiller med eit godt utgangspunkt.


Vi, både stab og ute i sokna kjem til å sakne deg! Er det noko spesielt du tenkjer du kjem til å sakne frå her?

– Eg kjem til å sjå tilbake på det gode fellesskapa og kollegafellesskapa eg har vore ein del av. Samarbeidet med staben, frivillige og kyrkjelyden har vore både givande og utviklande. Ein viktig lokal og frivillig aktør i Nord-Fron er Skåbukoret. Koret har vore eit viktig fellesskap der eg har vore med på fritida som bass. Eg har også sunge solo og ikkje minst teke ansvar i styrearbeidet som kasserar. Koret har styrka opplevinga av lokal forankring, og gitt meg fleire kjekke folk å spela og syngja på lag med.

Vi ønskjer Per Øyvind alt godt vestover i det nye livet han er på veg til og takker for alt det gode vi har opplevd i lag.



Per Øyvind synger





Kyrkjeverje si side

Tekst: Morten Hagen

Det skjer mykje i kyrkja vår – både det som synest godt, og det som kanskje ikkje alltid blir lagt merke til. Denne sommaren har vore prega av vedlikehald, restaurering, sommararbeid og gode møte med menneske. Her er nokre små glimt frå kvardagen i Nord-Fron.

Ei kyrkje skal takast vare på

Har du køyrt forbi Kvikne kyrkje i sommar, har du sikkert lagt merke til det store stillaset rundt kyrkja. No er eit omfattande restaureringsarbeid godt i gang. Kyrkja skal tjørebriast og få nytt skifertak, medan våpenhuset blir retta opp med ny botnstokk og ny mur. Dette er arbeid som kanskje ikkje alltid er så spektakulært å sjå medan det pågår, men som er heilt avgjerande for at den flotte kyrkja vår skal kunne stå trygg også for komande generasjonar. Det er imponerende å sjå handverkarane i arbeid – og ikkje minst kor mykje kunnskap og nøyaktigheit som ligg bak restaurering av gamle kyrkjebygg.

Små forsøk for framtida

Denne seinsommaren testar vi også ut robotklippar ved Sødorp kapell. Målet er å få egne erfaringar gjennom resten av sesongen før vi vurderer om dette kan bli ei løysing på fleire av kyrkjegardane frå 2027. Det er viktig for oss å prøve ut nye arbeidsmåtar på ein forsiktig måte – slik at vi kan ta gode avgjerder baserte på egne erfaringar.



Sommarjobb med meining

I sommar har vi hatt flinke sommarvikarar på kyrkjegardane våre. Dei har teke del i mange ulike arbeidsoppgåver og bidreg til at kyrkjegardane held seg fine og velstelte. På biletet ser vi to av dei i gang med vedlikehald – arbeid som kanskje verkar enkelt, men som betyr mykje for både inntrykket og levetida til anlegga våre. Det er ekstra kjekt å kunne gje ungdom høve til å få arbeidserfaring i eit miljø der dei er med og tek vare på noko som betyr mykje for lokalsamfunnet.



Flott handverk ved Sødorp kyrkje

Grindene ved Sødorp kyrkje er restaurerte, og resultatet har blitt fantastisk flott!

Arbeidet er utført av Hjerleid, med stor respekt for det tradisjonelle handverket og uttrykket som høyrer til kyrkja. Det er slike detaljar som er med på å ta vare på heilskapen rundt kyrkjebygget og kulturarven vår. Vi er svært godt nøgde med resultatet – og takkar Hjerleid for flott utført arbeid.



Nye omgjevnader ved Sødorp

Mellom Sødorp kyrkje og vidaregåande skule er den nye skjermveggen snart ferdig. Veggene får ei flott trekledning og forblenda mur som passar godt inn i omgjevnadene. Slike prosjekt handlar ikkje berre om det praktiske – dei er også med og løfter heilskapen rundt kyrkja og kyrkjegarden.



Til slutt

Det er lett å tenkje på kyrkja som berre gudstenester og kyrkjelege handlingar. Men kvar einaste veke går det føre seg eit stort arbeid med vedlikehald, kyrkjegardar, kyrkjer, restaurering, møte med menneske og praktiske oppgåver som gjer at kyrkja kan vere open og tilgjengeleg for alle. Eg håpar desse bileta gjev eit lite innblikk i noko av det som skjer bak kulissane.

Ønskjer dykk alle ein fin haust!

Morten Hagen, kyrkjeverje.

Den norske kyrkja si rolle og oppgåver i beredskapssamanheng

I ei tid prega av auka usikkerheit, klimarelaterte hendingar, pandemiar og krig i Europa, blir spørsmålet om samfunnet sin beredskap stadig meir aktuelt. Beredskap handlar ikkje berre om materiell, infrastruktur og offentlege styresmakter. Det handlar òg om menneske, fellesskap og evna til å ta vare på kvarandre når livet blir ramma av kriser. Her har Den norske kyrkja ei særskild rolle som landsdekkjande folkekyrkje med nærvær i heile landet gjennom tilsette, frivillige, kyrkjebygg og lokale fellesskap. At kyrkja er lokal, gjer ho til ein naturleg samarbeidspartnar i den samla beredskapen til samfunnet. Kyrkja skal ivareta samfunnsoppdraget som folkekyrkje for alle, uavhengig av tru, medlemskap og livssynstilknøying.

I krisesituasjonar er behovet for tilhøyrslø, tryggleik og meining ofte minst like stort som behovet for praktisk hjelp. Kyrkja kan bidra med nettopp dette gjennom nærvær, omsorg og støtte til menneske som opplever sorg, frykt eller uvisse.

Ved større ulukker og katastrofar er kyrkja ein viktig del av den psykososiale beredskapen. Mange kommunar inkluderer prestar og diakonar i dei psykososiale krise-teama sine, og kyrkjelege medarbeidarar hjelper ofte til på senter for evakuerte og pårørende. Vi har kompetanse og erfaring som lokalsamfunnet har stor nytte av. Når menneske mistar sine næraste eller blir råka av dramatiske hendingar, bør og kan kyrkja, dersom det er ønskjeleg, tilby samtalar, ritual, minnemarkeringar og opne kyrkjerom for lystenning og fellesskap. Erfaring viser at kyrkjer gong på gong blir viktige samlingsstader når lokalsamfunn blir ramma av sorg og kriser.

Pandemien synta at kyrkja òg har ei viktig rolle når krisa ikkje kjem brått, men utviklar seg over tid. Då samfunnet stengde ned, opplevde mange einsemd, uro og sosial isolasjon. Gjennom digitale tilbod, telefonkontakt, sorgstøtte og lokale hjelpetiltak kunne kyrkja bidra til å halde oppe fellesskap og menneskeleg kontakt. Beredskap handlar ikkje berre om å handtere akutte hendingar, men òg om å styrkje motstandskrafta (resiliensen) til samfunnet over tid.

I ein tryggingsspolitisk situasjon der krig igjen er ein realitet i Europa, blir kyrkja si rolle endå meir aktuell. Gjennom samarbeid med kommunar, politi, statsforvaltar og andre aktørar kan kyrkja bidra til å styrkje lokal beredskap og evna samfunnet har til å handtere alvorlege hendingar. Miljødeleggingar og klimaendringar skaper òg nye utfordringar for beredskapsarbeidet. Flaum, ras, skogbrann og ekstremvær rammar stadig fleire lokalsamfunn. Når slike hendingar oppstår, kan kyrkjene fungere som samlingsstader, informasjonsarenaer og rom for fellesskap, men òg som kjelder til moralsk og eksistensiell støtte og som berarar av håp når menneske blir konfronterte med tap, frykt og uvisse. Kyrkja har ei viktig førebbyggjande oppgåve gjennom å fremje ansvarskjensle, solidaritet og omsorg for skaparverket. Beredskap handlar ikkje berre om å reagere når krisa kjem, men òg om å byggje robuste lokalsamfunn som står sterkare rusta til å møte framtidige utfordringar.

Eit sentralt prinsipp i beredskapsarbeid er samvirke. Ingen aktør kan handtere store kriser aleine. Hamar biskop er medlem av Fylkesberedskapsrådet i Innlandet, som blir leia av Fylkesberedskapsrådet. Likeins ønskjer Hamar biskop at kyrkja skal inngå i kommunale beredskapsråd, delta i øvingar og utvikle samarbeidsavtalar med andre beredskapsaktørar.

Den norske kyrkja sin viktigaste beredskapsressurs er likevel menneska. Prestar, diakonar, kyrkjetenarar, andre tilsette og frivillige møter menneske ansikt til ansikt i situasjonar der få andre kan fylle same rolle. Gjennom omsorg, nærvær, håp og fellesskap bidreg kyrkja til å gjere samfunnet meir robust.

Kyrkja si rolle i beredskap er ikkje eit tillegg til samfunnsoppdraget, men ein naturleg del av det. Som folkekyrkje for heile folket er Den norske kyrkja kalla til å vere til stades når livet er på sitt mest sårbare.

Dei to sommarvikarane på kyrkjegardane

Tekst og foto: Per Øyvind Fredin

Det er særdeles to blide menn eg møter på servicebygget i nærleiken av Sødorp kyrkje. Kahilil og Minre har jobba på kyrkjegardane i sommar. Der har dei har beisa og klypt gras. Vikarane har blant anna beisa grinda til Sødorp kyrkje. Den har vorte fin, og dei er stolte av arbeidet sitt. Dei likar å hjelpe til. Gode attendemeldingar frå folk, og møte med menneske på kyrkjegardane gir ekstra motivasjon, seier dei. Arbeid er meir enn berre løn. Kyrkjene er fine monument, tykkjer dei.

Kva for kyrkje eller kyrkjegard likar dykk best?

— Kvam er dei einige om. Der kjenner dei oppgåvene veldig godt.

Korleis fekk dykk jobb i kyrkja?

— På Nav, seier Kahilil.

Minre seier at kyrkja tok kontakt med han.

Korleis kjenner dykk at kollegaer og leiar har møtt dykk?

— Alle er snille. Det er fine kollegar, og Anders Stø, seier dei og lyser opp.

Anders Stø er tidlegare kyrkjetenar i Nord-Fron, og engasjerer seg framleis.



Er det noko de gjer som får dykk til å kjenne dykk ekstra godt tekne imot?

— Nei, vi pratar mykje rart da.

Drikk dykk litt kaffi og kanskje?

— Ja.

Eg takkar for eit triveleg intervju, og ønsker dei ein fortsett god arbeidsdag.

6. - 8. november

ung 26

NY START

MER HÅP

Gratis leir for deg mellom 15 - 30 år

Les mer og meld deg på:

Arr: Hamar bispedømmeråd og ungdomsrådet i Hamar bispedømme, KFUK/KFUM Innlandet, Hekta og NMSU

DEN NORSKE KIRKE
Hamar bispedømme
Hamaren bæspatjelte

Velkomen til forestilling med

Kirke røttene

Og Viggo i tårnet

KVAR: Kvam kyrkje

NÅR: Søndag 25. oktober kl. 17:00 (dørene opnar kl. 16:45)

iko

Folk søker kyrkja når dei treng ein stad å gå med sorga si.
Etter Kongens død fekk vi sjå kva lokalkyrkjene våre har å seie for den norske beredskapen.

GET RHYTHM PRESENTS...

CASH ★ IN ★ CHURCH

TOUR 2026

★ **16.10 - SØDORP KIRKE, VINSTRA** ★

17.10 - FURNES KIRKE, RINGSAKER
 24.10 - VOLSDALEN KIRKE, ÅLESUND
 06.11 - NORDRE ÅL KIRKE, LILLEHAMMER
 07.11 - HØNEFOSS KIRKE, HØNEFOSS
 13.11 - ØSTRE AKER KIRKE, OSLO
 14.11 - STRØMSØ KIRKE, DRAMMEN

BILLETTER
SCAN QR-KODEN





HELGEMESSE

Allehelgensdag • 1. november 2026

KL. 11.00

Kvikne kyrkje
Sørdorp kyrkje

KL. 17.00

Kvam kyrkje
Skåbu kyrkje

Du kan koma og høyra namna på dei som har gått bort sidan sist helgesøndag, og sjå at det vert tent ljøs for kvar av dei.




Konfirmantleir 2027

Saman med dei fleste andre konfirmantane frå Nord-Gudbrandsdal vil 2027 konfirmantane våre i Nord-Fron delta på Hekta leir på Lillehammer.

Leiren finn stad 19.-21. februar 2027.

I fjor var omtrent 700 ungdommar samla i Håkons hall. Opningsseremoni i Lysgårdsbakken med fakkeltening og fyrverkeri, musikk, show og undervisning sto på timeplanen. Konfirmantane fekk også fått tid til å delta på ymse aktivitetar i og rundt OL-anlegga som alpin, aking, bob, snøkøyning, bading, ballspel og liknande.

På denne leiren får konfirmantane mykje undervisning og læring på stutt tid, men skal også vere ein viktig sosial del av konfirmanttida. Våre grannar i kommunane både i sør og i nord har gode erfaringar frå deltaking på hekta leir i fleire år.

tinde
gruppen

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR – HUS OG HYTTER

LOMOVEGEN 9 – 2640 VINSTRA
TLF. 61 21 60 00 – POST@BAKKENBYGG.NO



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no

Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter
for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.

**REMA
1000**

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00



Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleeng, 99 58 29 43
Nina S. Veikleeng, 94 83 25 40
Døgnvakt!



Tlf. 971 88 621



Elvevegen 2, Kvam. 906 39 181

BRØDRENE KROK
Salg & Service
HIKOKI



www.peergyntcenter.no



DOKKEN BIL AS
Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota



Strandgata 33B, 2640 Vinstra
Stasjonsvegen 1, 2634 Fåvang
Tlf. 61 29 52 70
E-post: gudbrandsdal@okoraad.no



www.hundorpror.no



Nedregata 58, 2640 Vinstra
Mobil: 948 49 807



**HÅREK
FRISØRSALONG**
-KVAM-

Mob.: 482 65 181
Tlf.: 612 94 551



**Dale-Gudbrands
trykkeri a.s.**

Lågenvegen 6
2635 Tretten
www.dg-trykk.no
Tlf: 61 27 73 50

Catering

til alle livets anledninger.

Vi leverer smakfulle retter til dåp,
konfirmasjon, bryllup og minnestund.

Se meny og bestill direkte på:
engelcatering.no

Ta gjerne kontakt med egne ønsker:
mob: 9110 2530
engelbrev@gmail.com

ENGEL
Konditor & catering



Tlf 915 75 074
Vi hjelper deg med blomster til
begravelse og andre anledninger



SKABU REGNSKAP AS

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

**coop
marked**

Skåbuvegen 2666, 2643 Skåbu
Tlf.: 61 29 55 19
E-post: skaabu.marked@coop.no
Åpningstider: Man-Torsdag 9-18
Fredag: 9-20. Lørdag: 9-18. Søndag 12-16



Nedregata 60, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 20 10



Tlf. 47 68 22 27



Peer Gynt Catering AS
Øvregate 23
2640 Vinstra

Mob: 971 96 733
Epost: kjetil@peergyntcatering.no
www.peergyntcatering.no

Din lokalbank er tilgjengelig
når du trenger det!

SpareBank 1
GUDBRANDSDAL


Bank
Eiendom
Regnskap

Vi takkar alle våre sponsorer. Ønsker du som bedrift annonse
i kyrkjebladet, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.



• Innskriftsjoner
• Oppussing
• Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304
Epost: post@jobegravsteinservice.no



GUDSTENESTER I NORD-FRON HØSTEN 2026

DAG/DATO/TXT	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
17.s.i treeiningstida 20. september Joh 11,17-29(30-46)	17:00 Kapellet CSH Hausttakkefest.nattverd		11.00: CSH Hausttakkefest.Nattverd Konfirmantpresentasjon	
18.s.i treeiningstida 27. september Matt 8,14-17	17:00 Kyrkja CSH Eftasmesse.Nattverd	11.00 CSH Høgmesse/nattverd		
19.s.i treeiningstida 4. oktober Matt 5,20-26	11.30: Sundheim BFO Høgmesse/nattverd			11.00: CSH Høgmesse m.nattverd
20.s.i treeiningstida 11. oktober Joh 11,1-5		17.00 Eftasmesse.nattverd BFO	11.00: BFO Høgmesse. nattverd	
21.s.i treeiningstida 18. oktober Joh 11,1-5	11.00: Kapellet BFO Høgmesse. nattverd			
Bots- og bøneding 25.oktober Luk 13,22-30				11.00 BFO Høgmesse.nattverd
Reformasjonsdagen 31.oktober Joh 1,16-17	17.00 Kyrkja CSH/BFO Halloween/Familie.gudstj. Ungdomsgudsteneste,			
Helgem./minnedag 1. november Joh 6,37-40	11.00 Kyrkja CSH Helgemesse/ minnedag	17:00 BFO Helgemesse/minnedag	11.00 BFO Helgemesse/minnedag	17.00 CSH Helgemesse/minnedag
24.s.i treeiningstida 8. november Joh 6,63-66	11.00 Kapellet CSH Høgmesse med nattverd			
25.s.i treeiningstida 15. november Mark 2,1-12		11.00 CSH Høgmesse med nattverd		
Kristi kongsdag 22. november Matt 25,31-46	11.30: Sundheim BFO Høgmesse med nattverd			
1.s.i adventstida 29. november Luk 4,16-22a	11.00 Kyrkja BFO/CSH Fam. Lys vaken-messe Nattverd.			17.00 BFO Ljosmesse
2.s.i adventstida 6. desember Luk 21,27-36		17:00 BFO Ljosmesse	19.00 CSH Ljosmesse	
3.s.i adventstida 13. desember Luk 3,7-18	17.00 Kyrkja CSH Ljosmesse			
4.s.i adventstida 20. desember Luk 1,39-45			11.00 BFO Familiegudstjeneste «Vi pyntar juletreet».	
Julaften 24. desember Luk 2,1-20"	12.00: Sundheim CSH 14.00: Kapellet BFO 16.00: Kyrkja CSH	14.00 CSH		12.00 BFO 16.00 BFO
Juledagen 25. desember Joh 1,1-14	11.00 Kyrkja CSH Høgtidsgudsteneste Nattverd		11.00 BFO Høgtidsgudsteneste. nattverd	
2.juledag 26. desember Joh 1,1-14		11.00 BFO Høgtidsgudsteneste med nattverd		
Nyårsaftan 31. desember Joh 14,27	18.00 Kyrkja CSH Gudsteneste ved årsslutt			

Det kan koma endringar på gudstenester så fylg med på plakatar, heimesida og facebook. (BFO: Benjamin Fjellheim Olsen. CSH: Caroline Serck-Hanssen)

